



Arkivsaknr: 2026/744-1
Sakshandsamar: Grethe Træland Dalland
Avdeling: Rådgevar oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2025 - 2026

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar orienteringa og tilstandsrapport for barnehage og skule 2025/2026 til vitande.

Saka gjeld

Tilstandsrapport for barnehage og skule 2025/2026

Bakgrunn:

Tilstandsrapporten blir lagd fram for å gi kommunestyret årleg informasjon om læringsmiljø, læringsresultat og gjennomføring i barnehage og skule, jf. opplæringslova § 17-12.

Austrheim kommune har valt å samle denne informasjonen i ein årleg tilstandsrapport for barnehage og skule.

Saksopplysningar:

Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025/2026 gir ei samla framstilling av status og utvikling innan barnehage, grunnskule, PPT, SFO og kulturskule i Austrheim kommune.

Rapporten byggjer på data frå Utdanningsdirektoratet, lokale vurderingar og omtale av tiltak og utviklingsarbeid i kommunen. Rapporten peikar både på styrkar og utfordringar i sektoren, og skal gi eit grunnlag for vidare kvalitetsutvikling.

Vurdering:

Tilstandsrapporten viser at Austrheim kommune har fleire styrkar i oppvekstsektoren, mellom anna tett samarbeid på tvers av tenester, merksemd på tidleg innsats og fleire tiltak for å styrkje læringsmiljøet. Samstundes peikar rapporten på nokre sentrale utfordringar. Resultata på 5. trinn i lesing og rekning ligg under nasjonalt nivå, grunnskulepoenga har gått ned dei siste to åra, og elevundersøkinga viser høgare mobbetal på 10. trinn enn nasjonalt nivå. Rapporten viser også at delen elevar med individuelt tilrettelagd opplæring er høgare på ungdomstrinnet enn på dei lågare trinna.

Rapporten gir etter administrasjonen si vurdering eit godt grunnlag for vidare kvalitetsutvikling. Det vidare arbeidet bør særleg rettast mot språk og lesing, trygge og gode læringsmiljø og styrkt tilpassa opplæring innanfor fellesskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Utvalet tar orienteringa og tilstandsrapport for barnehage og skule 2025/2026 til vitande.

Vedlegg

1 Tilstandsrapport 2026